



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokn

Kyrkjebø, 16.02.2018

### ÅRSMØTE for kyrkjelyden.

Årsmøtet vart halde i Vadheim Bedehusapell (etter gudstenesta) søndag 04.02. kl: 18:00.

#### Frammøte:

Totalt 11 vaksne. Av desse hadde 11 røysterett i årsmøtet.  
Leiaren i soknerådet, Audun Digranes, ynskte velkomen og leia møtet.

#### Sakliste:

#### Årsmeldinga for soknet:

Digranes las årsmeldinga, og kommenterte punkta etter kvart.  
Nokre mindre merknadar om skrivefeil, og desse vert retta opp i endeleg utskrift.

Årsmeldinga vart deretter godkjend.

#### Rekneskapen for soknet:

Digranes refererte denne. Kyrkjeverje Otterstein gjorde merksam på at endeleg avslutta rekneskap ikkje førelåg, men at resultatet neppe ville avvike stort frå det som møtelyden no fekk. Rekneskapen vart teken til vitring.

**Andre saker** var ikkje fremja for årsmøtet.

Soknerådsleiaren inviterte likevel til innspel frå årsmøtet om kyrkjelyden si drift, og det vart drøfta noko omkring desse momenta:

- kanskje kyrkjelyden skulle utarbeide eit årshjul for verksemda – det gjev lettare oversikt.  
Til dette vart kommentert at gudstenesteplanen fyller denne funksjonen delvis, men berre delvis sidan den berre vert oppsett for 3 månadar om gongen. Merknaden er notert.
- tiltak som kan samle meir folk – ikkje nødvendigvis fleire gudstenester, men meir variert innhald.  
Kva med samtalegudstenester for vaksne ?  
Andre og meir utradisjonelle aktørar, som t d spelemannslag, seniordans, kor ?

Møteleiaren oppmoda soknet gjennom sokneråda om å kome med innspel til Kyrkjeleg Fellesråd om særskilde arrangement som ein ynskjer å få løyvd/avsett midlar til.

Soknerådsmedlemene Digranes og Birkeland hadde ordna noko å bite i attåt kaff/te.

Møtet slutt ca: 19.00.

**Sturla Bell Fossen**

- skrivar -